



Norges Vassdrags og energidirektorat
Postboks 5091 Maj.

0301 OSLO

Vår ref.
14/489-6/N-630//KAWV

Dykkar ref.

Dato:
30.06.2014

Høyringsuttale frå Kvam herad vedr. Lyselva kraftverk- Konsesjonsøknad

Kvam heradsstyre har i sitt møte 17.06.2014 vedteke følgjande høyringsuttale i sak 066/14:

Høyringsuttale frå Kvam herad:

Ein konsesjon vil bli gitt på uavgrensa tid, og dei naturinngrep som vil følgja med ei utbygging vil vera av varig karakter. Det er difor heradsstyret si plikt å gjera ei avveging i eit langsiktig perspektiv av dei samla fordelar og ulemper av utbygginga som det er søkt om.

Kvam heradsstyre har vurdert fordelar og ulemper ved å byggja Lyselva Kraftverk. Kvam heradsstyre støttar synet om at ei utbygging vil skapa verdiar både nasjonalt og lokalt. Området har kulturhistoriske verdiar, men Kvam heradsstyre meiner at verdien av ny kraft overstig ulempene ved utbygginga. Kvam heradsstyre går difor ***inn for*** at det vert gjeve løyve til å byggja Lyselva Kraftverk. Vilkåret er at oppgangsgaga på Grind vert tilført nok vatn til at ho kan fungera på same måte som tidlegare.

Helsing

Kari Weltzien Vik

Leiar politisk sekretariat
Telefon: 56553022
Epost: kwvi@kvam.kommune.no